
Saknr: 2020/44291-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Tidlegare leiarar i kontrollutvala i HFK og SFFK orienterer om sine erfaringar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

I denne saka skal leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode, Inge Reidar Kallevåg, og leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i førre periode, Frank Willy Djuvik, delta i møtet og orientere kort om sine erfaringar som leiarar i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 - 2019
- 2 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i valperioden 2015 - 2019

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune evaluerte arbeidet i sine utval i valperioden 2015 - 2019, på slutten av førre valperiode.

Resultatet av denne evalueringa vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 13.02.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode.*
2. *Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.*
3. *Kontrollutvalet ber sekretariatet syta for at tidlegare leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Frank Willy Djuvik, og tidlegare leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, Inge Reidar Kallevåg, vert inviterte til møte i utvalet 11.05.2020 for å orientere om sine erfaringar som leiarar i kontrollutvalet.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet i **Hordaland** fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 90/19 i møte 25.11.2019:

«Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 - 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i valperioden 2019 - 2023.»

Kontrollutvalet i **Sogn og Fjordane** fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 48/19 i møte 01.10.2019:

«Resultatet av evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2015 - 2019 vert å sende til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 2019 - 2023.»

Heile resultatet av begge evalueringane ligg ved som hhv. vedlegg 1 og 2.

På bakgrunn av punkt 3 i vedtaket frå møte i kontrollutvalet 13.02.2020 vil leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode, Inge Reidar Kallevåg, og leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i førre periode, Frank Willy Djuvik, delta i møtet og orientere kort om sine erfaringar som leiarar i kontrollutvalet.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i orienteringane frå dei to tidlegare kontrollutvalsleiarane vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til om det bør gjerast endringar i måten kontrollutvalet arbeider på. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.